



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå Vikøy sokneråd 3. nov.2025 kl.19.00

Opning: Gudrun: Jer.29, 11

Kaffi og noko å bita i: Astrid hadde med nydelege bollar og frukt.

Frammøtte: Astrid, Solfrid, Vetle, Erling, Tove, Randi, Brynhild, Gudrun

45/25 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Astrid hadde nokre punkt til evt. Elles vart innkalling og referat godkjende.

46/25 Orienteringar og evalueringar

- **Orientering om oppstart av sorggrupper, ved Brynhild Eide og Audun Aase.**
Det vert oppstart til våren eller til hausten. Ein tenkjer at det kan vera 4-8 personar i gruppa, 8 samlingar à to timar. Ha presentasjonsmøte fyrst.
- **Vennefesten, evaluering:** Ca.85 registrerte barn. Salig blanding av trylleshow og appell. Litt brå overgang. God stemning. Flott med 8 konf frå Strb og 8 Framneselevar. Koseleg kafè med godt utval. Me held døra på gløtt når det gjeld neste år.
- **Fakkeltog for forfølgde kristne 9.nov.** SR deler på utg til faklar.
- **Lyskonsert 14.nov.** Kafè: Festkaker. Me møtest kl.17.30 Pris: 50 for kake og 25 kr for kaffi/te m/påfyll. Ein betaler med Vipps.
- **Informasjon frå soknerådsleiarmøte.** Kyrkjevevja arbeider med å få på plass ein «eittåring» til kyrkjelydane i Kvam.

47/25 Gudstenestelivet i Vikøy sokn. Kvardagsmesse, kveldsmesse, Taize-gudsteneste, gospelfredag og jazzmesse. Fleire ulike gudstenester og møteformer har vore brukt dei siste åra. *Kva gjer vi, kva gjer vi ikkje, er det noko vi ikkje skal fortsette med, noko vi skal gjere meire av eller noko vi ønskjer å begynne med?* Vetle kjem med litt bakgrunnstal på ulike gudstenester som høgmesser, gudstenester i høgtider, trosopplæringsgudstenester osv, og fordeling av disse.

I samtalen kom det fram mange ynske: Gudsteneste annankvar søndag, kvardagsgudsteneste, kveldsgudst (spes i vinterhalvåret), ungdomsgudst om våren

(med band – kan utfordra NØUK og Kulturskulen), jazzmesse, Taize-bønn, liturgisk bøn, keltisk morgonbøn, gospelfredag.

Vedtak: SR er fornøgd med slik me har det. Men det er rom for og openheit for antal og type gudstenester. Forslaga tek me med oss vidare.

48/25 Felles misjonsprosjekt i Kvam. Det har kome forslag om å bytte til eit nytt felles misjonsprosjekt, og eit ønskje om å velje eit av NMS sine prosjekt på Madagaskar. For meir info om kvart enkelt prosjekt, sjå lenke: <https://nms.no/hva-vi-gjor/prosjekter/ost-afrika/#Madagaskar>

Vedtak: Vikøy sokneråd ynskjer å støtta tre av NMS sine prosjekt på Madagaskar. Dette er prosjekt innan jordbruk, utdanning og inkludering. Det er dei same prosjekta som Strandebarm sokneråd har valt.

49/25 Førebuing av møte med kantorane på soknerådsmøte 2.desember. Kva synest vi er viktig å ta opp i samtale med kantorane?

Vedtak: Soknerådet ynskjer å fokusera på to område: Korarbeid (evt.kantori) og kyrkjemusikalsk nemnd.

Elles set me pris på at kantorane øver med kyrkjelyden på ukjende salmar før gudstenesta tek til. Det kan vera fint å visa notane på skjerm. Me tykkjer òg at det er kjekt å høyra at dei øver på salmesong med konfirmantane.

50/25 Evt.

- Ulf ynskjer å ha ein konsert 18. eller 25. april. Han kan velja dato sjølv. To frå soknerådet må stilla.
- I morgon, 4.nov., skal Roar takkast «skikkeleg» av under Nynorsk salmekveld i Øystese kyrkje.
- Ekstra gudst: 21.des.kl.11.00 i Vikøy kyrkje. Denne skulle opprinneleg vera i Øystese kyrkje. RVE kan vera kyrkjevert, og IS vert klokkar. GSL gjev beskjed til kyrjekontoret.

Neste sokneråd vert 2.desember kl.19.00

Gudrun Skeie Langeland, skrivar